

ÅRSMELDING FOR KLØVHEIM SKULEKORPS 2018

STYRE/ ANSVARSOPPGÅVER

Styret denne perioden:

Leiar: Ingrid Hindenes

Nestleiar: Tove Øvretveit

Kasserar: Ramona Fjellanger

Sekretær: Andrew Wakefield

Styremedlem: Robert Hindenes

1.varamedlem: Torunn Hjelmtveit

2.varamedlem: Nina Kleiven

Tillitsvald frå korpset: Aurora Hindenes Sætre og Amanda Frøseth Hindenes

Valnemnd:

Marianne Øvretveit og Secilie Krossvoll

Revisor:

Bjørnar Eide

Andre ansvarsoppgåver:

Uniformsforvaltarar: Hege Bårdsen

Materialforvaltar: Toril Hindenes & Richard Hindenes

Basarnemnd:

Nils Frøseth

Nina Kleiven

Gro I R Hindenes

MØTE:

MEDLEMSMØTE

Den 30.08.18 hadde dirigent og leiar møte med musikantane. Dei valde to tillitsvalde, Aurora og Amanda. Dei laga regler om korleis dei ville ha det på øving, desse reglane har dei hatt hengande på veggene under øvinga. Dei snakka om musikkønsker og kva dei ville sosialt.

Medlemmene diskuterte og stemte over kva konkurranse dei ville delta på. Det sto mellom Sotra festivalen og Manger festivalen, dei var einstemmig om at dei ville delta på Sotra festivalen.

Vedrørende NM, ønsker musikantane at turen kan forlengast som eit alternativ til jubileumsturen som ikkje vart noko av.

Det var eit ønske frå musikantane å få ha nokon opptredner utan uniform, det vart derfor bestemt på foreldremøte at dei skulle spele utan uniform på julaften.

Det skal være nytt medlemsmøte i løpet av våren 2019.

FORELDREMØTE

Det var foreldremøte 06.09.18. Det er skrevet eget referat fra dette møtet.

STYREMØTE

Styret har hatt 8 møter siden det vart valgt ved forrige årsmøte.

ÅRSMØTE

Årsmøte vart halde 16.03.2017 

DIRIGENTAR/ INSTRUKTØRAR

Jannicke Eide Ellingsen har vore fast dirigent for korpset.

I dei fleste tilfelle der ho ikkje har kunna stilla, har vikarar vore brukt.

Det har vore ei prioritert oppgåve å halde faste øvingstider for korpset sjølv om fast dirigent ikkje kan stilla. I periodane før Siddis, NM og EM må begge partar visa fleksibilitet.

Elles har korpset hatt innleigde instruktørar til øvingshelger i samband med konkurransar.

Richard har vore med på nesten alle øvingar denne hausten og instruert slagverk, han har lagt ned ein flott og prisverdig innsats. Styret er svært takksamme for at han legg ned så mange timer med dugnad for å instruere slagverkmusikantane.

MUSIKANTAR/ASPIRANTAR

Vårsesongen 2018 hadde korpset 24 musikantar, 8 aspirantar og 1 aspirant slutta ved haustsesongen.

Denne hausten anbefalte dirigenten at korpset ikkje skulle ta inn nye aspirantar, men arbeide med ein god overgang for dei 7 aspirantane som starta hausten 2017. Ho valde å laga eit juniorkorps med dei 7 nye, samt nokon av musikantane i korpset. Juniorkorpset deltok i juniorklassen på Sotra festivalen og fekk svært gode tilbakemeldingar, til dømes meinte dommarane at dei kunne delteke i 3 divisjon. Det vart gjeve tilbakemelding frå nokre foreldre om at dei likte dårleg at barna ikkje skulle over i korpset direkte. Medan andre gav uttrykk for at dei tykte dette var eit godt tiltak. Det gav ein noko uheldig start på korpssesongen. I ettertid har styret og dirigent evaluert og konkludert med at mykje av misnøya kunne vore unngått med betre informasjon i god tid. I dag er alle faste medlemmer i korpset, men juniorane øver framleis ein time før hovudkorpset på måndagar, dette for å hjelpe dei nyaste betre med innlæring av korpset sitt program.

Korpset har den siste timen på måndagar hatt ensembleøving med dei eldste i korpset, minus slagverk, som øver saman med Richard. Dette har vore gjort for å gje dei eldste musikalske utfordringar og auka deira musikalske kompetanse. Ensemblet deltok i den eldste ensembleklassen på Sotra der dei gjekk av med sigeren. Dei har i januar arbeida med improvisasjon, dette starta dei med da dei hadde besøk av Mauro Martins, ein svært dyktig muskar frå Portugal den 10.12.18.

ØVINGAR

Korpset har hatt måndag og torsdag som faste øvingsdagar. Måndagar har det vore individuelle musikktilmar/gruppeøvingar frå 16.45-17.15. Juniorkorpset har hatt øvingar frå 17.15-18.30. Korpset har øvd frå 18.30-19.30 og ensemblet frå 19.30-20.30. Dette vil halda fram ut sesongen, men ein liten forskyving på gruppeøving og juniorkorpset med 15 minuttar.

Det har vore 4 øvingshelger i løpet av året. Den 7&8. mars 2018 arrangerte me øvingshelg med overnatting saman med Krohnengen skoles musikkorps. Dette er første gang at korpset arrangerer overnattingsseminar på eigen skule. Det var ei svært kjekk helg og musikantane i Krohnengen gav tilbakemelding om at dei gjerne ville komme igjen.

I juni arrangerte me øvingshelg den 9 & 10.juni og øvingsdag den 25.juni 2018. På desse seminara vart da arbeida med NM stykket. Det var innleigde instruktørar alle dagane. At NM vart arrangert ei veke seinare enn vanleg bydde på nokre utfordringar knytt til å fylle den siste veka med NM øvingar utanfor dirigenten sin kontrakt. Jannicke var svært imøtekommande og saman med styret kom me fram til ei minneleg ordning. Marit Tømmermo var inne og tok eit par øvingar i forkant av NM.

25 & 26. august 2018 vart da arrangert oppstartsseminar, Jannicke hadde denne helga med korpset, det var eigen instruktør til juniorkorpset og slagverk.

Den 9-11.november 2018 arrangerte me igjen overnattingsseminar saman med Krohnengen Skoles musikkorps på skulen. Denne gangen var det overnatting frå fredag til søndag. Krohnengen kom på kvelden fredag og det var sosialt samvær og taco før legging. Laurdag var det øving med instruktørar, på kvelden var det pizza på skulen, kino på Nyheim og sosialt samvær på skulen. Søndag var det øving både med korpset og ensemble, på ettermiddagen vart det gjennomført ein enkel hentekonsert. Både våre musikantar og Krohnengen sine har gitt uttrykk for at det var ein kjekk helg. Til våren skal Krohnengen arrangere øvingshelg i Bergen saman med oss.

Nokre musikantar har delteke på ulike samlingar med Eikanger Bjørsvik musikklag (trombonesamling, slagversamling, osv). Nokon musikantar frå korpset deltok også på EBML sitt Feriespel i Knarvik i juli 2018.

KONSERTAR/ SPELEOPPDRAG:

Korpsbasar på Fammestad 18.03.18

Uformell før Hordablæst konsert 12.04.18

Hordablæsten 14 & 15. april (1. plass i 2. div). Mange deltok også på solistkonkurransen og aspirantane var med på ensemblekonkurransen.

Speling ved sal av 17. mai program 15.05.18

Speling under 17.mai-feiringa på Kløvheim skule.

Speling på korpset sin sommarfest på skulen 24.06.18

Før NM Konsert på Ny-Krohnborg skole 26.06.18

NM i Bergen (6. plass i 2. div) 29.06.18

Solistkonsert på Kløvheim skule den 20.10.18

Sotrafestivalen 17.11.18 (4. plass i 2. div og 2. plass for solist Victoria, 3.plass til Angelica i sine klasser. Det var fleire andre som også deltok i solistklasser. 1.plass til ensemblet og flott tilbakemelding på juniorkorpset)

Mini-konsert i ungdomshuset på Fammestad 02.12.18

Eit ensemble spelte ved Lysfesten i Myking kyrkje 09.12.18

Speling på Kløvheim bygdela sin lysfest ved butikken på Kløve 13.12.18

Julekonsert i Myking kyrkje 16.12.18

Speling på Kløvheim skule sin julefest 20.12.18

Speling julaftan i Myking kyrkje 24.12.2018

DUGNADSARBEID OG INNTEKTSKJELDER

Utkantfestivalen 2018

EBML sitt feriespel i Knarvik

Arbeid for Hagellia Matstove under bustadmesse i Vestlandshallen 21-23.september 2018

Seminar

Farsdagslotteri

Haustinnsamlinga

Servering/betjening på stand under nattåpent i Knarvik senter

Mini-konserten

Basar

Sal av 17. mai-program

Sommarfest

Grasrotandelen

Tildelingar frå ulike fond og prosjektmidlar (Instrumentfond, kulturmidlar, uniformstøtte)

Stor takk til Hege Bårdsen som legg ned ein enorm innsats i å skriva søknadar på ulike midlar. Alle uniformsbuksene er nå nye takket være stor innsats fra Hege.

FORELDREFOREININGA

Det har ikkje vore aktivitet her, dette burde me fått til igjen. Kanskje nokon vil være pådrivara?

Me hadde ein veldig kjekk foreldrefest 29.09.18, takk til Richard som spelt opp til allsang og gøy.

ANNA

Korpset har i 2018 hatt same opplegg og aktivitetsnivå som tidlegare, med unntak av nokre få endringar. Juniorkorpset og ensemble vart ein annleis oppstart enn me er vant med, det kan likevel vere sunt å prøve noko nytt, for å gjera seg nye erfaringar.

Denne hausten vart musikantane utfordra på å spela soloar, desse skulle framførast på solistkonsert på Kløvheim skule, tanken var at dette er ein trygg plass for musikantane, særleg dei som tykkjer at solistkonkurransen er litt skummelt. Mange av solistane stilte også i solistkonkurransen på Sotra. Det er svært bra for musikantane si utvikling å spele solist/ensemble. Nokon av dei yngre i korpset viste ein formidabel utvikling denne hausten gjennom blant anna sine solistopptreden Korpset har pr. i dag ikkje aspirantar, til hausten vil det være naturleg å legge til rette for nye aspirantar.

Kløvheim 18.02.19

Ingrid Hindenes

- leiar -